

Mattilsynet for Sunnfjord og ytre Sogn
Felles postmottak
Postboks 383
2381 BRUMUNDDAL

Vår ref.
10/936-3

Dykkar ref.

Arkiv
K2-M12

Dato:
14.01.2011

BULANDET VASSVERK

Viser til brev dat. 22.11.10 og telefonsamtale i dag 13.01.11.

- Vi ønsker at kommunen som vassverkseigar gjer rede for korleis kapasitets- og leveringstilhøva ved Bulandet Vassverk i realiteten er.*
- I november 2010 var det mykje lekkasje på fordelingsnett. Dette er utbeta i november/desember. På det meste var det forbrukt ca. 190 m³ pr. døgn. Rikken vart rensa siste halvdel av november. Hadde då produksjon tilsvarande forbruket. For å sikre levering av vatn er det totalt ført ut 1 stk. båtlast med vatn i desember (180 m³). Kokevarsel i samband med tilføring av vatn vart oppheva 22.12.10. Pr. i dag er forbruket jf. driftsoperatør ned i ca. 90 m³ pr. døgn (2011). Der er ikkje gjort noko utbetring av lekkasje på kommunen sitt fordelingsnett. Kan vere at det vert gjort frostsikring med rennande vatn. Veit at der er levert ca. 20 varmekablar til vannledning i frå november til no. Fiskeindustrien starta opp produksjon rett etter nyttår og har såleis hatt sin del av forbruket av dei 90 m³ pr. døgn. Renseanlegg
- Kva strakstiltak vil kommunen gjennomføre for å sikre brukarane tilstrekkeleg og stabil tilgang på vatn?*

Har nok produksjon ved anlegget i dag. Kortsiktig tiltak er:

- Tiltak: Lekkasjesøk av fordelingsnettet (gjennomført 90% av leidningsnettet).
- Tiltak: Måling av forbruk mot forbruksnett og fornying av samlestokk (i gang).
- Tiltak: Abonnentane sjølv er begynt å frostsikre (på gang).

3. *Har kommunen planar for meir langsiktige tiltak for å utbetre leveringssikkerheita ved Bulandet Vassverk?*

Tiltak som bør gjerast helst i løpet av 2011:

- Tiltak: Hovudprioritet er tiltak mht. mogleg fornying av rigg (i gang).
- Tiltak: Auka kapasitet mht. vannvolum (nytt høgdebasseng – i gang).
- Tiltak: Få betre kontroll/samling av tilkoplingspunkt for abonnentane.

4. *Kva for rutinar har vassverkeigar for å sikre informasjonsplikta til abonnentane?*

Abbonnentane vert i dag informert via Bulandet Grendalag og Værlandet Vel si internettside, oppslag på butikken. I tillegg er det lagt ut informasjon kommunen sin nettside.

Med helsing

Per Jan Ryland
Teknisk sjef

Direkte tlf.: 57 73 07 32

Kopi til:

Svein Festervoll
Holmedal Elektrisk AS v/Kjell
Vårdal

6980 ASKVOLL
6982 HOLMEDAL